



Hjelmås Vvs AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3182 - 17/33178

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
22.11.2017

Løyve til etablering av avløpsanlegg for 6 hytter - gbnr 227/27, 227/28, 227/29, 227/30, 227/31 og 227/36 Molvik

Administrativt vedtak. Saknr: 546/17

Tiltakshavar: Ragnar Bratland
Ansvarleg søkjar: Hjelmås Vvs AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld etablering av avløpsanlegg for 6 hytter på gbnr 227/27, 227/28, 227/29, 227/30, 227/31 og 227/36 i Molvik. Anlegget omfattar leidningar frå hyttene til minireinseanlegget, sjølve minireinseanlegget og utsleppsleidningen vidare til bekk.
Det vert elles vist til søknad motteken 25.10.2017 og supplert.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Sakshandsamingsfristen for søknad i eitt trinn er i utgangspunktet 3 veker. Her kom søknad om utslepp inn samstundes og den har frist 6 veker.

Planstatus

Eigedommane som skal bruka avløpsanlegget, ligg delvis i regulert og delvis i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbusetnad. Minireinseanlegget og noko av leidningsnettet ligg i LNF.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon, sjå vurderinga nedanfor.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje nødvendig med uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 25.10.2017.

Utsleppsløyve

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak 542/17 datert 22.11.2017. Utsleppsløyvet gjeld eigedommane gbnr 227/27, 227/28, 227/29, 227/30, 227/31 og 227/36

Privatrettslege tilhøve

Reinseanlegget er plassert på gbnr 227/1 . Utsleppsleidningen er lagt på den same eigdommen fram til bekk.

Det ligg føre skriftlege avtalar mellom tomteeigarane og eigaren av gbnr 227/1 om rett til legging av leidningar og plassering av reinseanlegget.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart motteke 25.10.2017. *Plan for hyttebebyggelse i Molvik (1978)* viser felles slamavskiljar plassert utanfor planområdet. Kommunen legg til grunn at dette kan vidareførast med plassering av felles reinseanlegg i LNF like utanfor det arealet som er sett av til hytter i kommuneplanen, og ikkje treng dispensasjon. Det same gjeld for leidningar i LNF, som vil vera nedgravne, medføra små terrenginngrep og i liten grad gje synlege spor, jf skriv frå Kommunal og moderniseringsdepartementet datert 10.06.2015.

Godkjenning etter andre lovverk

Tiltaket krev godkjenning etter forureiningsforskrifta kap 12. Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak 542/17 datert 22.11.2017. Utsleppsløyvet gjeld eigedommane gbnr 227/27, 227/28, 227/29, 227/30, 227/31 og 227/36.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

er ivaretekne gjennom avtalar .

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av avløpsanlegg for 6 hytter - gbnr 227/27, 227/28, 227/29, 227/30, 227/31 og 227/36 på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 25.10.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Avløpsanlegg skal etablerast i samsvar med utsleppsløyve i delegert vedtak datert 22.11.2017.**
- 3. Faktisk plassering av anlegg med leidningar må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/3182

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om anleggsarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av anlegget må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ragnar Bratland

Galtenesvegen 57 5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS